


BOKN BYGDABLAD

Nr 9 - November 2002 - Årg. 17



Bamsejubileum - s. 7



Heidra av kommunestyret - s. 12





Kjolelotteri - s. 18



Bokn
kommune

Kusymre
kommuneblom i Bokn





RDFØRAREN RDET

Heil

Drukningssulykka i Sauda

Denne har gått inn på oss alle, og våre tankar går til dei etterlatne.

Det er svært beklageleg at der ikkje blir reagert når folk ringer inn til politiet, me forventer det. Men det viser også kva som kan skje når me misbruker slike nødtelefonar.

Det som likevel er verst er at fleire visst har høyrte rop om hjelp og ikkje reagert i det heile.

Denne utviklinga i samfunnet er skremmande. Me må ikkje få eit samfunn som er så kaldt og egoistisk at me ikkje bryr oss kva som skjer rundt oss.

Er det nokon som kan trenge hjelp på ein eller annan måte så prøv å hjelp til så godt ein kan.

Drosjeløyve

Mange beklager seg over at me ikkje lenger har drosje på Bokn. Det blir upraktisk og svært dyrt for mange. Det er fylkeskommunen som administrerer drosjeløyvene i fylket og kommunen ser på om me kan få til ei ordning. Eg vil nytte anledningen til å takke John Magne og Liv for at dei har stilt opp og fått oss heim, gjort legebesøk eller andre ærend, både natt og dag.

Bokn Plast AS

Som mange har sett så er arbeidet starta opp for å byggjemodna tomta til Bokn Plast AS.



Det er godt å endeleg kome i gong med noko som har vore snakka om i mange år. Sjølv om det vil gå nokre år før Bokn Plast AS forhåpentligvis har flytta

all verksemda si til det nye området er eg sikker på at dette blir ei svært god løysing for bedriften, bebuarane i Føresvik og utviklinga av Føresvik som sentrum.

Omsorgsbustader

Formannskapet har behandla og godkjent anbud for utbygging av ni omsorgsbustader.


Arbeidet vil starte opp før årsskiftet og vil være ferdig hausten 2003.

Når denne utbygginga er ferdig har Bokn fått svært gode bygg og tilbod innan skule, pleie og omsorg og

barnehage. Det gjenstår at Bokn hadde hatt betre tilbod innan idrett og kultur, sjølv om ungdommen har sitt eiga hus og idrettslaget bygger klubbhus. Vidare store utbyggingar må vente til Bokn har fått nedbetalt noko lån og økonomien betrar seg.

Ungdommen

I forrige nummer av Bygdabladet fekk eg eit brev frå ungdommen på Bokn som var kritisk til kva Bokn gjorde for dei, spesielt i forhold til dataklubben Lanux. Eg har nå avtalt møte med dei 27/11 for å gå



gjennom situasjonen. Eg vil komme tilbake med meir informasjon og eventuelle tiltak etter møtet, men kan opplyse om at Øyvind Børgesen er tilsett som vikar i ungdomsarbeidarstillingen.

Havneplan for Karmsund havn


Kommunestyret har hatt havneplan for Karmsund havn til høyring og der ligg det mulighet for at austsida av Austre Bokn kan vere aktuell som miljøhavn og servicehavn for større båtar.

Det som først og fremst aktualiserer miljøhavn er mottak og behandling av ballastvatn. Ballastvatn blir i dag sett på som eit stort problem og ein arbeider internasjonalt med korleis dette bør behandlast. Eg trur det vil ta tid før ein internasjonalt blir einig, så ein utbygging på Austre Bokn ligg fram i tid.


"Bokn gard og ætt"

Band 2 av bygdaboka er ferdig. Arbeidet starta i 1986, sjølv om det då ikkje var meining å gi ut gards- og ættesoge for Bokn. Bygdaboknemnda og forfattar har lagt ned svært mykje tid i dei viktige og etterlenkta bøkene. Kommunestyret har holdt middag for bygdaboknemnda og forfattar der me takka dei for det enorme arbeidet dei har gjort for Bokn, Tusen takk Sigvart, Solveig, Olaug, Liv, Svein Ivar og Birger. Målfrid fekk ikkje oppleve band 2 ferdig, men det var godt at Målfrid fekk oppleve band 1 ferdig. Ho var kanskje ein av dei som bidrog mest i dette arbeidet.

Svein Ove



SKULEN INFORMERER



**Skulekontoret, 52 75 25 69 kl. 08.25 - 12.25
alle skuledagar med unntak av fredagane.**

Fri skyss grunna arbeid med fortau i Alvestadkroken

Me har fått melding frå teknisk seksjon om at det så smått blir starta arbeid med nytt fortau i Alvestadkroken denne veka, og at arbeidet vil pågå i heile veke 48 og 49.

For å hindre at det kan oppstå trafikkfarlege situasjonar, vil alle elevar som har skulevegen sin forbi anleggsområdet, få fri skuleskyss i veke 48 og 49.

Juleavslutning og opning av nytt skulebygg

Arbeidet i nybygget pågår framleis for fullt. Det gjer også arbeidet med å planleggje skulen si tradisjonelle juleavslutning og kommunen si opninga av nybygget.

Det kjem skikkeleg invitasjon seinare, når alle planane er klare. Førebels kan me seie at det meste som skal skje blir lagt til tysdag 17.12. og onsdag 18.12.

Den tradisjonelle juleavslutninga for elevane og foreldra blir om kvelden tysdag 17.12.

Opplegg og program denne kvelden vil bli prega av at det samstundes er opning av nybygget.

Forsikring av elevane

Det har vore ein del i mediene om forsikring av skuleelevar i det siste. Vi arbeider med å lage ein grundig informasjonsfolder som foreldra skal få.

Kommunen har mellom anna kollektiv ulykkesforsikring for skulebarna, som gjeld

- på skulen sitt område i skuletida
- på reiser, ekskursjoner stevner etc. som skjer arrangert av skuleleiinga

- under praktisk yrkesopplæring som del av undervisninga
- på direkte veg til og frå skulen

Maksimalt erstatningsbeløp ved varig medisinsk skade eller dødsfall er 5G, i følge dei opplysningane skulen har.

Men dette kjem me som sagt attende til med grundigare informasjon seinare.

SFO

Rett før jul kjem kommunestyret til å vedta budsjettet for 2003. I kommunestyret sitt budsjettvedtak kan det kome til å ligge auka foreldrebetaling i SFO.

Timesatsane i Bokn er svært låge, mykje lågare enn opplæringslova føresett, og mykje lågare enn hos våre naboar.

Julepakkeaksjonen 2002

Bokn skule er også i år påmeldt julepakkeaksjonen.

Sidan 1992 er nær 30.000 julegåver formidla til krigsramma barn og unge i Bosnia og Kroatia.

Framleis lever tusenvis av barn som internflyktningar i Bosnia. Aksjonen vil også sende hjelp til barn og unge som har livet sitt på gata, som sit i fengsel eller som er på institusjonar i Romania og Russland.

Julepakkeaksjonen har eigen heimeside på internett: **www.julepakkeaksjonen.org**

Det kjem meir opplysningar om aksjonen seinare.

Amputert bygdablad

Pga. at redaktøren rett før utgjeving av bygdablad nr. 9 plutselig blei sjuk, er dette nr. amputert.

Me har samla saman det stoffet som låg ferdig, og sydd saman eit blad i all hast. Difor er det denne gongen ikkje nokre større reportasjar eller liknande.

Me vil likevel gi ut nr. 10 rett før jul, og skal også prøva å få med det som ikkje vart ferdig til dette nr.

Reidar Alvestad/Annette Bokneberg

SERIE

NYTT I BOKN!

Nye medarbeidarar i kommunen

Tekst & foto: Reidar Alvestad

Lang erfaring

I første del av september i år fekk me ny IT-konsulent i kommunen. Det er ein 2-årig 80% prosjektstilling som Ture Kristiansen har fått. Det betyr at han arbeider alle arbeidsdagar med unntak av fredagar.


Ture Kristiansen har før han flytta til Haugesund i 1993, budd og arbeidd i Oslo. Opprinneleg er han frå Raufoss på Hadeland. Han har hatt arbeid innan private bedrifter i IT-bransjen i 27 år, og har jobba med programmering, systemering og drift av dataanlegg. Han har også arbeidd med andre ting innan data, som t.d. WEB-utvikling (utarbeiding av internett-sider).

Etter at han flytta til Haugesund heldt han fram i det firmaet han var tilsett i, men hadde heimekontor. I og med at firmaet nå skulle innskrenka, søkte han på nye jobbar, og fekk jobb på første staden han søkte.

Ture Kristiansen har etter vidaregåande skule utdanna seg ved IT-linje ved Høgskolen i Molde.

Pendling

Då Ture Kristiansen budde og arbeide i Oslo, hadde han kortare veg til arbeidet enn her, men på grunn av køar og stor trafikk, brukte han lengre tid på arbeidsvegen enn frå Haugesund til Bokn. Han synes difor ikkje at pendling frå Haugesund til Bokn er så ille. I tillegg er det meir sosialt med denne jobben, kor han kjem i kontakt med mange kollegaer. Å ha heimekontor er sjølvsagt nok så einsamt.



Ture Kristiansen

Utfordringar i jobben

Arbeidet i Bokn er m.a. tilrettelegging av dataopplegget i kommunen, drift av maskinvare og alt som elles dukkar opp av oppgåver innan dette området. Ein del brukarar har behov for eigne spesielle opplegg innan data, t.d. innan helseseksjonen. Her må det ekspertise inn for å få dette til. Slik kan det også vera for andre brukarar som treng eigne opplegg og løysingar. Det er nok ikkje mangel på utfordringar i jobben. Tidlegare arbeide han mest med programmering, så ein del ting her er nye. Han har likevel vore borti mange område også tidlegare.

Bokn Bygdablad presenterer nye ting som skjer i bygda, aktivitetar som har blitt til i løpet av det siste året, eller snart vil koma. Tips oss!

Friluftsmenneske

Sjølvs om Ture nå har folk rundt seg i det daglege, vil han ikkje slutta med å vera eit aktivt friluftsmenneske. Han har alltid likt seg i naturen, særleg på fjellet, men også elles i nærmiljøet. Han vil ikkje utgi seg for ein svært aktiv trimmar, men turar ut i naturen, det tar han gjerne.

Leiar av bu- og aktivitetstenester for funksjonshemma

Sonja Mikkelsen er blitt ny fast medarbeidar i Bokn kommune. Frå 23. september i år begynte ho som leiar for bu- og aktivitetstenestene for funksjonshemma. Sonja sin utdanningsbakgrunn er vidaregåande skule, og ho snart er halvvegs i vernepleiarutdanninga. Ved sida av arbeidet går ho nå på deltidsutdanning ved Høgskolen i Rogaland, avd. Haugesund, som skal føra til vernepleiareksamen om 2,5 år. Dette var den utdanningsbakgrunn som kommunen ynskte i jobben som leiar for tiltak for funksjonshemma.

Sonja har fått full stilling, men har permisjon i 1/3 av stillinga pga deltidsutdanninga som må fylgjast opp.

Variert arbeidserfaring

Sonja har tidlegare jobba heile 7 år på ferja som går på Boknafjorden. Ho har også hatt arbeid i 2 år ved Bokn Plast før ho begynte som ekstrahjelp ved Bokn sjuke-kestone. Her var ho i rundt 8 mnd.



Sonja Mikkelsen

Ved sida av dette har ho sin del av arbeidet heime. Ho er gift og har 3 barn i alderen 3 mnd. til 13 år.

Arbeid på heimplassen

Sonja seier at det var viktig for henne å få arbeid på heimplassen. I hennar situasjon med små barn, synes ho det er greitt å sleppa å pendla så langt til arbeid. I tillegg har ho fått eit arbeid som passar svært godt i forhold til den utdanninga ho tar. Nå ser ho fram til at dei nye omsorgsbustadene skal bli ferdige. Arbeidsoppgåvene med funksjonshemma er både utfordrande og interessante. Det vil etter kvart også vera fleire personar som ho vil vera med og ha eit ansvar for.


Travle tider

Sonja seier at det blir lite tid att til å driva med eigne interesser ut over det å fylgja opp barna. Saman med ektefellen skal ho halda styr på hus , heim og barn i tillegg til skule og arbeid.

Eldstejenta spelar handball på eit jentelag frå Falkeid, og det er kjekt å fylgja med på dette.

Sjølv må ho også lesa ein del då det er eit nokså stort pensum dei skal gjennom.

Pågangsmot og interesse for arbeidet manglar ho i alle fall ikkje, og det er med stor entusiasme ho har tatt fatt på den nye jobben.



Nytt frå idrettslaget.

Fyrst av alt vil me oppmoda flest mogleg til å koma på årsmøtet. Det skal vera på allrommet, onsdag 4. des. kl. 19.00. Styremedlemmer for neste år er spurt i førevegen.

Onsdag 20. nov. hadde me fotballavslutning for dei tre laga.

Alle fekk pokalar og diplom tildelt frå sine respektive trenarar.

Alle borna fekk pølser og brus, for deretter å spela gratisbingo. Det var kjekt at så mange yngre fotballspirer var med sine eldre brør og søstrer denne kvelden.

Det vil bli fotballtreningar for dei to eldste laga på grusbanen, kvar onsdag klokka 17.00.

Turlagets siste turar før jul. Me går kvar søndag kl. 15.00

- 24.nov. Håland møtas v/Gamle skulen
- 1.des. rundt Knarholmen møtes v/kyrkja.

Klubbhuset.

Me gler oss over å sjå at klubbhuset går fort framover. Takpennene er nesten ferdig lagde, innvendig er det ferdig isolert. Det er snart klart for rørleggar og elektriskar.

Ein annan viktig ting er dei private pengegåvene som stadig kommer inn på byggekontoen. Desse er me svært så takksame for. Dette er pengar som kjem vel med i eit trangt budsjett.

Hittil er det kome inn: 49.250,-

Våre lokale sponsorer.

- Grieg seafood
- A.Olufsen skipsservice
- Loden Laks
- Haugaland Kraft
- Sparebank 1 SR-Bokn
- Bokn Plast
- Coop Bokn handelslag

Totalt er det her kome inn:82.500,-

Kjempeviktig er og all dugnad som er lagt ned i huset. Ifrå Fred og Erik har det kome mange godord om godt arbeid. Tusen takk til alle dykk som har stilt opp på dugnadslag.

Året går mot slutten og årsmøtet står for tur, så og nokre utskiftingar i styret. Me er tre stykk som står for val, her i blant undertekna. Det er mest vemodig å gå nå, for me har hatt så mykje kjekt. Det har vore tunge tak til tider kor me har følt oss motarbeidde, men eit godt styre og god støtte rundt oss ga oss mot til å stå på. Resultatet er klart, bygdas idrettslags klubbhus talar for seg sjølv. Hurra !!

Undertekna takkar for seg og ynskjer Bokn idrettslag lukka til vidare i idrettsarbeidet på Bokn.

Med helsing Rita Jensen

KULTURKALENDEREN

- nye arrangement/forandringar blir uthava eller understreka kvar gong -

NOVEMBER

29.: "Vi over 50" på Sjøhuset i Alvestadkroken kl. 20.00


DESEMBER

01.: Tenning av julegrana på skulen og Boknatun - arr. Røde Kors og Musikkorps
01.: Lysmesse i kyrkja med speidarprosesjon
03.: Juleavslutning for speidarar, ulv og meis på skulen, kl. 18.00 - 21.00
04.: Korpskveld for BRKH
05.: ALPHA kl. 19.00
07.: Nissmarsj - arr. BIL/kulturkontoret
08.: Bokn søndagsskule på Bedehuset kl. 10.30
08.: Luciafest på skulen kl. 18.30 - arr. Bokn musikk-korps - sjå eiga annonse
09.: Jul i stallen kl. 18.00, Krovågen Hestesenter

12.: Soknerådsmøte 19.00
13.: **Julekonsert i kyrkja kl. 18.00 - sjå eiga annonse**
15.: Gudsteneste kl. 11.00
18.: Juleavslutning med graut, Røde Kors
19.:
24.: Sal og utkøyring av juletre - arr. BRKH
22.: Juletreffest på Bedehuset kl. 15.00 - arr. Bokn søndagsskule
24.: Gudsteneste kl. 14.30
26.: Gudsteneste kl. 11.00
27.: Romjulsfest på Are
28.: Ungdomstreff
29.: Juletreffest kl. 15.00
31.: Gudsteneste kl. 16.00

Julegåvetips i Servicetorget


Prisar:



- Bokn gard og ætt 1 kr. 400,-
- Bokn gard og ætt 2 kr. 400,-
(Kr. 80,- i frakt kjem ev. i tillegg)
- Boknaminner, CD med Jan Spurkeland kr. 150,-
- Frå haug ok heidni kr. 50,-
- Bokn kyrkja kr. 50,-
- Boknaspenna, smykke kr. 1.400,-
- Boknaspenna, nål kr. 1.100,-

Etter kvart har det blitt ein del produkt du kan kjøpa i 1. etasje på Boknatun. Det mest aktuelle for denne jula er nok andre bindet av Bygdeboka. Første bindet, Cd'en Boknaminner med Jan Spurkeland, Boknaspenneskopiar samt spesialutgåva Frå haug ok heidni (1996) og historia om Bokn kyrkja kan du også skaffa deg ved å kontakta kommunen.

GYMSALTMEPLAN, KVELD			
DAG	AKTIVITET	KL.	ANSVARLEG
Måndag	Fotball 11-12 år Bokn Musikkorps	16.30 - 18.00 20.00 - 22.00	Gunnar Bokneberg Lillian Grønnestad
Tysdag	Fotball, A-lag Aerobic	19.00 - 21.00 21.00 - 22.00	Kjetil Hamre June Kro
Onsdag	Fotball 7-8 år Badminton "Linedance" i partalveker	17.00 - 18.00 18.00 - 19.30 20.00 - 22.00	Jan Kristian Jøsang Bufellesskapa i Bokn Marianne Lie Alvestad
Torsdag	Barnetrim Bokn Musikkorps (inkl. kjøkken og musikkrom) Volleyball, vaksne	16.00 - 16.45 17.00 - 19.00 20.00 - 22.00	Torny Ø. Rossebø & Anja Alvestad Lillian Grønnestad Atle Jøsang
Fredag	Badminton Fotball, A-lag	17.30 - 19.00 19.00 - 21.00	Bufellesskapa i Bokn Kjetil Hamre



VELKOMMEN TIL BIBLIOTEKET


Teddybjørnens hundreårsdag

Linda Ognøy

I år er det 100 år siden Teodor "Teddy" Roosevelt vegra seg for å skyte ein bjørn på bjørnejakt, ei berømt teikning viser dette. Denne historia vakte så stor interesse at dette blei leketøysbjørnar kalla for Teddybjørnar etter presidenten. Den internasjonale *Teddy Bear Day* blir feira på presidentens fødselsdag 27. oktober.



Venevil og bamsen hennar



Kommunebamse
Gro Sørensen

Teddybjørnens dag vart feira måndag 28. oktober. Barn frå 3 - 5 år var invitert saman med bamsen eller kosedyret sitt. Omkring 40 små og store og like mange bamsar og kosedyr var med på feiringa.


Venevil Birkelund hadde eventyrstund, med song og Eventyret om pannekaka. Etterpå var det bursdagssang, saft og boller på Allrommet.

Gro Sørensen hadde påtatt seg rolla som kommunebamse og sjølvsaft måtte Bamsens fødselsdagsang syngjast for Bamsen.

SR-bank spanderte ballongar og Bokn Handelslag spanderte Bamse Mums og seigmenner. Tusen takk!


**Forleng lånetiden
selv og få meldinger
som e-post!**

Se etter:



på bibliotekets
Internettider

© BIBLIOTEKET, produsert av BIBLIOTEKET



Bokmelding av Rakel Jansen Alvestad (13)

KAPERØYA

av Kjersti Scheen

Mille, Ole, Eline og Vemund skal alle tilbringa sommaren saman med bestefar i år, akkurat som då dei var små. Dette er sannsynligvis bestefar

sitt siste år også, så han treng mykje kvile.

Mille, Elin, Ole og Vemund drar ut til Gjesteholmen eller "Kaperøya", som det heitte før, i nokre dagar for å gi bestefar kvile, og for å bli betre kjende med kvarandre att. Etter nokre dagar ute på øya begynner det å skje merkelige ting, ting forsvinn og dei finn skumle saker og ting ute på øya, men dei blir der ute for å løyse mysteriet...


Dette er ei spanande bok som er kjekk å lese. Eg vil anbefale ho til gutar og jenter frå 11 år og oppover.

Forfattere Sylvelin Vatle kjem til opninga av auditoriet onsdag 18. desember. Ho skal lesa frå den nye boka si: Gubben som ville fanga jula i ein hæv, ei fargestrålende biletbok ill. av Ellen Sjøvall. Her opptre skikkelsar frå juleevangeliet og folketrua side om side med røvarar og mørkredde ungar, ville løver, skranglete kamelar og undulatar på villstrå.



Gubben får mange a-ha-opplevingar undervegs og går inn i jula som ein klokare mann.

ETTERLYSING!

- Kassett nr. 1 i Lydboka "Familien på Gilje" av Jonas Lie.



- Kassett nr. 1 av "Den vesle vampyren" av Sommer-Bodenburg



INNKALLING TIL ÅRSMØTE I BOKN IDRETTSLAG

Onsdag 4. des. kl. 19.00 på Allrommet, Boknatun.

Saksliste:

1. Godkjenning av årsmelding
2. Rekneskap
3. Gjennomgang av klubbhuset, husstyre?

4. Val av nytt styre.

NB! Nye styremedlemmer er forespurt.

Styret har i 2002 vært samansatt slik:

Formann:	Rita Jensen	Står for val
Nestformann:	Rune Vatnaland	
Kasserar:	Marianne Alvestad	
Sekretær:	June Kro	Står for val
Styremedlemmer:	Roy Tjøsvoid	Står for val
	Kjerstin Andersen	
	Gunnar Solberg	

5. Informasjon ang. fotball-lag neste sesong.
6. Eventuelt.



Kurs

Bokn I.L. har i år klart å få tre fotballag på banen. Det er gledelig at vi har kunnet øke tilbudet vårt og håper vi kan fortsette med dette.

Å drive et idrettslag krever en stor frivillig innsats fra foreldre og ledere og vi takker alle for deres innsats gjennom året så langt.

Vi vil gi alle som er knyttet til Bokn et tilbud om gratis A-trenerkurs i Norges Fotballforbunds treningsutdannelse. Dette for å sike oss rekrutering på ledersiden, men også som et tilbud til Boknasamfunnet.

Vi vil også tilby andre kurs når dette skulle dukke opp. Vi vil informere om dette ved våre tre butikker og i Bokn Bygdablad. Vi håper dette kunne friste og håper at våre medlemmer benytter seg av det nye "tilbudet".



Kjære lesar!

Bokmål/nynorsk-debatten rullar vidare. Me kan presentera fire innlegg denne gong. Du er framleis velkommen med dine ytringar, viss du ynskjer det. Desembernr. er venta ut rundt 20.12 og bidraget ditt må eg ha innan 10.12.

- redaktøren -

Bokmål, dialekt eller nynoregsk...eh..nynorsk

A'ho Elisabet Taraldlien

Førr ordns skjyll kainn æ jo skriv dialæktn min, nåkka som sekkert førr di fleste vill vær tæmmeli vanskeli å læs. E' de' nåkka dåkker ikkje sjønna, så e' dåkker vælkommen å reng mæ å spør.

Førr å bjynn me' bjynnelsn, så e' ailltså æ fødd å oppvåksn i Sigerfjord oppi væsterål'n. De'e'en utruli fin plass å væks opp. Då æ bjynt på skolen, va æ faktisk aillerede væl bevandra i bøkenes værdn, æ bjynt næmli å læs bære fæm år gammel. De' har aillti vorre bokmålsbøker æ har læst, å æ har ennu ikkje tatt skade a' de'.

Men nu hadde de' sæ sann at vi sku havne her på Bokn, å de'e' æ i jaffaill gla førr, før her fainn æ både masse vænna å ikkje minst mainn min, å i lag har vi fadd to nydelie jeinte.

Di så kjeinn mæ, veit at æ har sjifta dialækt, å snakka ei go' blainning a' bokenesisk å karmøysk. De' siste på grunn a' ho svigermor så kjæm i fra Salvøy/Åkra. Men om nån trur at æ har møsta dialæktn min førr de', **næi** ikkje deinnan tøtta. Å ennu har æ bodd på Bokn siens i -88. næstn halle live mett. Mange spør mæ om æ ikkje vill hoill på dialæktn min, men koffør ska æ de', når æ kainn ha TO eminente dialækta?

Men nok om de'. De' va nu lekså bokmål kontra nynorsk vi sku diskuter her, men som kjeint e', vi norlæninga går ikkje a' veien før å få snakka om oss sjøl litt!

Som norlæning burde æ ha skrevet reinhækla nynorsk, førr om du læna dæ godt tilbake i go' stolt, mys førsekti gjønna tækstn me' brillerglassan litt på skjeiva.... Ja då får du sjå at nynorsk å norlæning e' tæmmeli likt! Så jaggu mæ, i realitetn burde æ skriv nynorsk! Men æ gjør ikkje de'... Æ skriv bokmål så gått så nån, å æ kainn ikkje sei ainna einn at de'e' nu æ stoilt a' de'! Æ hadde nynorsk så sidemål, å trivdes i grunn gått me' de'.

Men førr å ta onde' me' rota, koffør ska Norge heite Noreg? Koffør kainn vi ikkje bestæmm oss førr ka

laine vårres ska heite? Æ' hadd nær sagt, e' de' rart de'e' krig? Æ trur åsså de' fleste e' eni i, at hadde vi hadd ei avstæmning på ka skriftmål vi sku ha hadd i Norge, så hadde bokmål gådd a' me' seier'n.

De'e' ene å aleina førr at brorpartn a' Norges befolkning skriv bokmål. Reelt sett så står nynorsken ikkje særli stærkt, så mainn kainn jo lur på koffør skriftmål'e' har klart å klor sæ fast så længe de' har! Redaktør'n skreiv nån spørsmål i bla' nommer åtte, å di ska æ ætter bæste ævne prøv å svar på.

- Æ e' stoilt a' dialæktn min, å æ skriv bokmål.
- De'e' meir naturli me' dialækt å bokmål, TÆMMEI mange i Norge gjør de' på deinn måtn.
- Æ an ikkje ka en bokmålsdialækt e', men de'e' nærliganes å tru at de' oppi Kirkenes prata en sann dialækt.
- Bokenesisk e' definitivt ikkje de' samme så nynorsk. De'e' "boknadialekt".
- Æ kainn ikkje fatt å begrip koffør de' feill naturli førr bokneran å skriv å læs bokmål! E' de' førr at de' e' det så feill di mæst naturli? Eiller e' de' førr at nynorsk litteratur e' mindre teljængeli?
- Bokneran vill slættes ikkje få læse å skrivevanska a' å bytt over tel bokmål. Hadde vi hadd bære ett skriftmål i Norge, hadde vi kuinna konsentrert oss om de' me' læse å skrivevanska ennu meir!
- Arv har et ansvar i å bevar dialæktn. Ka me' å gje ut ei bok me' særbokenesiske uttrøkk?
- Æ mein pærsønli at tradisjon hør jula tel, å bør ikkje vær en stoppar førr et samla Norge.
- Æ trur at de' så skriv bokmål snakka like gått dialækt, eiller....?
- Æ trur at gjænnasnittsboknarn skriv så gått hann/ho kainn!
- Gjønna Bokn Mållag står nynorsk stærkt,


me`ræstn a`Bokn veit æ i gruinn ikkje.
Kansje ei avstæmning på de`vill gje oss et
bedre svar?

- Æ e`ikkje blidd 60 ennu....
- Haugesund kommune har vel bestæmmt at de`sku vær en bokmålskommune.
- Snakka ikkje folk i byan dialækt? Ka snakka de`då? Hmmm.
- Ve`å bli eni om ett skriftmål i Norge, lægg vi oss ikkje flat førr Oslo, dær snakka de`langt i fra bokmål, dær snakka de`østlainnsdialækt.
- Næi, de`e`ikkje bære i Oslo di har språkkul-tur, de`har vi her åsså.
- Kainn sjønn bokneran får problema me`overgangen i frå nynorsk te`bokmål, bære spør de`!
- Bokneran går over tel bokmål førr de` at skoln ligg i en bokmålskommune, eiller e`de`førr at de`ligg meir naturli førr de`...?
- Hadde vi bære hadd nynorsk litteratur, had-

de vi hadd bære nynorsk skriftmål, hadde vi bære hadd Noregsk, ja då hadde vi ikkje sot-te her å diskutert dettan!

- Ja, koffør i aill værdn har vi fleire likestillte skriftspråk her i Norge? E`de`førr at vi ikkje ska møss dialæktn vårres?...?
- De`kainn gått heinn at stavemåtn på ænkel-te ord må byttes ut ættemekvært. Likså de`har blitt jort me`sjampanje, sjaminjong å sånne or.
- Mainn kainn heiller spør sæ om ka likhetn e`me`skriftmålan, å så bli eni om ett feilles!!!
- Bokn bli de`så bokneran gjør Bokn te`, å de`må både deinn oppvæksanes slækt å de eldre bokneran ta ansvar førr!

Kjære boknar, ta bygdablae nommer åtte førr dæ, å spør dæ di samme spørsmålan. Kanskje resul-tate blir litt ainnsless einn ka du trudd?



Ein som let seg eggja

Av Steinar Aalvik, leiar av Karmsund mållag

Sidan eg har øst meg opp i det offentlege rommet og slengt med kjeften, synest eg det er på sin plass å leggja frå meg nokre ord i Boknabladet.

Eg kan med ein gong slå fast at eg har ikkje intellektuell kraft til å gje noko orakelsvar på redaktøren sine spørjande tankar, men dei gjer seg sine tankar slike som meg og.

Folk som til tider nyttar seg av Boknasambandet, kan ikkje unngå å leggja merke til vegskiltet Ognahabn. Dette stadnamnet er ikkje normert nynorsk. Eg påstår likevel at det er representantar for nynorsk-kulturen som legg arbeid i å få fram slike stadnamn. Ofte møter eit slikt arbeid lokal motstand i starten, men når lokale stadnamn vekker oppsikt og positiv interesse i resten av verda, vert dei ofte folkeeige. Kan henda er vegskiltet Ognahabn det sterkaste inntrykket ein bilist set att med etter ein tur over Bokn. Nynorsken gjev oss farge og identitet.

At dialektar endrar seg er knapt noka bombe. Små lokale nyansar, ord og vendingar forsvinn. Det kan eg og mine fella våre modige tårer over, men det har heilt klart vore ein enorm auke i dialektbruken her til lands siste tiåra. Sjølv sagt kan einskildmenneske snakka dialekt trass i at dei skriv bokmål, men det

kan ikkje vera noko tvil om at denne fantastiske auken i dialektbruk har føregått i ly av det nynorske skriftspråket, den kulturen og dei institusjonane som dette skriftspråket representerer.

Om det er slik at godt vaksne har eit meir positivt syn på nynorsken enn dei som er fødte noko seinare, kan grunnen vera at desse har erfaring frå ei anna tid. Ei tid då bygdefolk knapt kunne trø over bøgarden utan å verta rekna som bønder i byn, både av seg sjølv og andre.

I dag opplever me at institusjonar som NRK og TV2 nyttar seg av nynorskbrukarar som Siri Lill Mannes, Kjersti Strømmen, Arne Hjeltne og mange fleire. Desse opplever helst positive reaksjonar frå publikum, og det er vel knapt nokon som i fullt alvor påstår at dei er vanskelege å forstå.

Tradisjonar kan vera så mangt. Me må kjenna tradisjonane våre for å kunna vita om dei er noko å samla på eller ikkje. Det å kjenna tradisjonane sine er ikkje det same som å grava seg ned i dei. Eg har sjølv vore på Garborg-kveld i Bokn bedehus og opplevd Venevil framføra "Småsporven gjeng i tunet" i sambatakt.

Bør Bokn halda på nynorsk?

Av Bokn mållag; Marie Vågshaug, Venevil Birkelund og Reidar Alvestad

Det særmerkte

Det er ein trend i tida at stadig fleire ynskjer å ta vare på det særmerket som fins ved heimstaden og ved det folket som bur der. Få skiftar talemål om dei flyttar i dag. Det er ikkje lenger flaut å koma til byen og snakka dialekt. Det er heller ikkje flaut å koma til byen og skriva nynorsk.

Folk har kome over dei fordommane som før var mot nynorsken. Sjå berre på dei flotte nynorskbrukarane i t.d. fjernsynet. Eit godt døme på dette er journalist Siri Lill Mannes frå Karmøy, Arne Hjeltne og Arne Brimi i "Gutta på tur" og mange andre både i TV 2 og NRK. Mange av dei er i tillegg svært fagleg dyktige, og gode representantar for nynorsken.

Nynorsk er trendy

Arne Brimi gjer det godt i sin eigentlege bransje, som er å bruka lokalt råstoff og få fram gode lokale og tradisjonelle matrettar, kanskje med ein ny vri. I oppskriftene sine nyttar han alltid nynorsk. Det ville vel vore unaturleg med bokmål? Dialekten hans er etter kvart blitt godt kjend utover landet, og alle veit vel kva sjalottlauk er?

Dette syner kor stor makt fjernsynet har når det gjeld påverknad. I eit populært program som "Gutta på tur" høyrer me aldri at nokon klagar på at deltakarane brukar sine særmerkte dialektar fullt ut.

Røter og påverknad

I dag ynskjer mange å verta kjende med og ta vare på sin eigen kultur. Språket er ein viktig del av denne kulturen. Difor var det også heilt naturleg at bygdebøkene frå Bokn skulle skrivast på det målføret som ligg nærast boknadialekten.

Når ein er trygg på eigen kultur, kan ein også kjenna seg trygg i møtet med andre kulturar. Dette er nyttig i ei verd med stadig meir kontakt på tvers av kulturar og landegrenser, og med den informasjonsflaumen me dagleg møter i dei mange moderne media.

Ord og uttrykk

Det er om å gjera at ungane kan nytta ord og uttrykk dei har i talemålet, og då er det ingen tvil om at nynorsk passar best for ungane her. Ordforrådet, bøyingsformene, og heile uttrykksmåten i nynorsken ligg så tett opp til vårt talemål som eit normert skriftspråk kan gjera.

Elevar som har hatt den første lese- og skriveopplæringa på nynorsk, meistarar begge målformene betre enn dei som har lært bokmål først. Karakterstatistikk frå mellom anna Odda og Møre og Romsdal stadfester dette.

At mange lærarar som sjølv skriv bokmål, vel å plassera sine egne ungar i nynorskklassar der det er råd, er eit anna faktum å merkja seg. Dette gjer dei ut frå fylgjande innsikt og erfaring: I dagens Noreg vil ungane deira vera best rusta for framtida ved å starta med nynorsk som opplæringsmål.

Nynorsk i dagleg bruk

Det vert hevda at nynorsken er unyttig, og at ingen får bruk for han seinare i livet. Både i media, primærnæringar, servicenæringar, turisme og i all offentleg verksemd er nynorsk mykje nytta. Mange stader er det eit krav at dei tilsette skal kunna nytta nynorsk.

Dei fleste forfattarane frå landsdelen vår, slik som Kjartan Fløgstad, Tor Obrestad, og Kolbjørn Hauge skriv på nynorsk.

Så nynorsken er høgst levande. Ved framleis å ha nynorsk som målform vil den oppveksande generasjonen vera best mogeleg rusta til å møta både krav og utfordringar som det moderne Noreg har å by på.

"Det beste med nynorsk er at det er vanskeleg å bruka klisjear; det er eit meir personleg språk"

(Frode Grytten, Hordaland Folkeblad)

Bokn Røde Kors

Besøktstjenesten, legger inn årene etter mange år med to – medlemmer. Den ene, og best bevarte, er tross ung alder, gått over som (formann) leder i Bokn pensjonistforening. Den andre absolutt utgått på dato.

Vi vil takke alle som har stått oss bi, spesielt til de mange deltakere på vår årlige bussreiser. Takk til Jon Magne Lie som hvert år har stilt seg gratis som sjåfør, og med sitt smittende humør har gjort turene så vellykkede og populære som de har vært.

Plattene med motiv fra Bokn henger nå i mange hjem på Bokn, og vitner om at det en gang var noe som het besøktstjeneste.

Vi har noen enkelte igjen av årgang 1996-1999-2000. Dem selger vi billig til kr 150 pr stk.

Vi vil også med dette ønske alle som har oppnådd passende alder, velkommen i "Pensjonisten"

Med stor ærbødighet

Kari og Else

Når en tredjeklassing leser

Av Merete Alvestad

Det er sårt å sitte å høre på en tredjeklassing på Vestlandet som leser bokmål. Mange av ordene er så unaturlige å uttale for ungen at det kommer ut stivt og hardt, selv når eleven leser det den selv har skrevet. Et av ordene som ofte går igjen i eleven sin egen produksjon er "Jeg". Det høres oftest ut som et "Eg" med J foran. Å lese høyt er en sårbar situasjon. Mange hører hva som ikke stemmer. Likeens får vi hjem en diktat som kanskje er rettet på litt for mye. Å skrive et språk en ikke snakker selv skaper taper-situasjoner de små ikke trenger. Selv voksne synes oftest det er lettest å skrive på dialekt. Dette illustrerer Grete Drilen perfekt med sitt innlegg i det forrige Bygdabladet. Her oppnår hun det motsatte av det som er poenget hennes. Nemlig å vise at det er talen som er grunn for skriftspråket, og dermed at det er lurt å velge den målformen som ligger nærmest.

Jeg er ikke i tvil om at det er et moderne nynorsk som ligger nærmest boknadialekten. Det er mange som ikke er enige i dette, viser det seg. Jeg forslår at det blir foretatt en undersøkelse på flere trinn i skolen, som kan avdekke hvilken målform som er den mest naturlige. Da må en også se på språket ungene bruker når de sender meldinger- dette vil nemlig snike seg inn også i skriftlige arbeider på skolen.

En kjapp kikk inn i en nynorsk ordbok, vil overraske mange av dem som tror at nynorsk er fullt av fremmedord. Det går an å skrive et nynorsk som er til forveksling likt bokmål. Sannsynligvis vil det ikke gå mange år før det igjen forsøkes med samnorsk, noe som virker ganske lurt. Etter hvert som ungene blir større, vil de lese så mange skjønnlitterære bøker på bokmål, at overgangen til dette skriftspråket vil bli smertefri for den som ønsker det senere. Da vil ungene få i pose og sekk; de lærer å skrive på en målform som er naturlig for dem, og som er målformen i mange av de kommunene som er aktuelle som arbeidsplasser for dem senere i livet, i tillegg får de kontroll over bokmålet.

Selv skriver jeg bokmål, som et resultat av skolegang i Haugesund. Skriftspråket jeg lærte i første klasse sitter så hardt spikret i skallen, at jeg ikke blander med nynorsk, selv om jeg har arbeidet, og også gått, på skoler som bruker dette språket. Jeg klarer heller ikke å bytte det ut, selv om jeg gjerne vil. Jeg synes nemlig ikke at det er noe med måten jeg uttrykker meg på skriftlig som forteller noe om hvem jeg er og hvordan jeg snakker. Håper boknaungene får et annet utgangspunkt enn meg også i framtida.



Endeleg i mål: Fv. Liv Vatnaland, Solveig Ellingsen, Sigvart Våga, Birger Lindanger, Olaug Hognaland og Svein Ivar Langhelle.

Bygdeboknemnda heidra av Kommunestyret

Jardar Havikbotn

13. november inviterte Kommunestyret bygdeboknemnda til middag på Sjøhuset i Alvestadkroken. Hendinga markerte at "Bokn gard og ætt" no var komplett.

Det er eit utruleg arbeid som denne gjengen har gjort sidan 1985, og ordføraren påpeikte fleire gonger i takktalen sin at det er vanskelig å setja ord på takksemda (sjå også s. 2).



Nemndsformann Sigvart Våga takka Kommunestyret for oppdraget med å m.a. dra fram muntre historiar frå hans politiske liv. Han sørga også for å nemna at fyrste gongen han blei vald inn i Kommunestyret var ikkje Svein Ove Alvestad fødd eingong.

Forfattar Birger Lindanger tok også i vanleg munter stil ordet. Han gav uttrykk for at han var godt nøgd med det som no endeleg var ferdig. Han snakka også om å danna eit historielag i Bokn.


Både Birger og Sigvart håpa på at Bokn også ville gi ut ei kultursoge i nærmaste framtid.

Som under pressekonferansen nokre veker tidlegare blei også vår alles kjære Målfrid Kro Trosnåvåg også denne kvelden snakka om i samband med kompletteringa. Mange er det som tenkjer på kulturpersonen som døydde for vel eit år sidan, fullt opptatt med dette arbeidet som no er avslutta.

Salet av boka går unna! Sjå også s. 6



BYGGESTART FOR OMSORGSBUSTADENE



Slik vil fasaden mot aust bli. Det er lagt vekt på at det skal framstå i ein harmonisk samanheng med Boknatun. Arkitekt er Arne Tveit, som og har teikna det nye tilbygget på skulen.

Ved anbudsopning for prosjektet den 21.oktober, var det totalt 27 firma som hadde meldt si interesse for å delta i utbygginga. Når dette blir skreve, pågår kontraktsforhandlingar med lågaste anbydar i dei forskjellige faga. Konsulent Svein Ersland skal være byggeleiar, og han leiar og kontraktsforhandlingane.

Planarbeidet for denne utbygginga har pågått lenge. Det første møtet i plannemda vart avholdt den 24.februar 2000, men på grunn av at kommunen måtte vente på avklaring om statlege tilskot, har det tatt lang tid. Vi kom godt ut av denne tildelinga, og fekk store tilskot til 8 av dei 9 bustadene som skal byggast.

No er vi imidlertid i gong, og gravearbeidene starta 27. november. Ved årsskiftet pågår arbeid med fundament og støyping. Tømmerarbeidet startar i april, og det er planlagt ferdigstilling av prosjektet i oktober 2003.

Vegen frå parkeringsplassen på austsida av Boknatun fram til eksisterande omsorgsbustader vil bli stengd. Etter at utbygginga er ferdig, vil det bli gangveg på framsida av nybygget og langs Boknatun fram til hovudinngangen. Dette blir gjort for at fotgjengarar og folk i rullestolar skal kunne ferdast trygt når dei passerar parkeringsplassen.

Det har vore stor interesse frå brukergruppa for denne utbygginga, og mange har allereie henta søknadsskjema. Før bustadene vert tatt i bruk, vil dei bli lyst ledige i bygda- bladet, slik at alle som har behov for slik bustad kan søkja. Ved tildeling vil ein sjå kommunens totale omsorgstilbod i samanheng med ein hensiktsmessig bruk av alle omsorgsbustadene (dei gamle og nye) og sjukestova. Med denne utbygginga skal kommunen være godt rusta for å takle behovet frå mange forskjellige brukergupper i mange år framover.

Mandag, - onsdag - torsdag
09.00 - 17.00

COOP BOKN

Tirsdag - fredag 09.00 - 18.00
lørdag 09.00 - 14.00

- Dagligvarer
- Bensin—Diesel
- Medisinutsalg
- Driftsmidler
- Postfilial
- Bank i butikk



coop
marked



BJØRN LINDANGER

Alt i Graving og Transport

Rennesøy, Tlf.: 51 72 36 15 - Mob.: 946 72 848

- Me utfører alt innen graving og transport.
 - Me formidler båring og skyting.
 - Maskiner fra 1,5 tonn til 21,0 tonn 3 stk
 - Levering av rør og kummer.
- dumperbiler.



A. OLUFSEN
SKIPSSERVICE A.S

AVD. BOKN

Tlf. 52 74 84 60 – Mob. 98 20 90 28

VI UTFØRER ALT INNEN: STÅL · ALUM. · RUSTFRITT · RØR-
ARBEID · MASKINARBEID · HYDR. · TESTING, SERTI-
FISERING AV KRANER · LASTE, LOSSEUTSTYR PÅ SKIP

52 75 25 00	Sentralbord		postmottak@bokn.kommune.no
52 75 25 01 98 22 15 01	Rådmann	Jan Erik Nygaard	jnygaard@bokn.kommune.no
52 75 25 02 98 22 15 02	Økonomisjef/personalansvarleg	Solrunn Alvestad	soa@bokn.kommune.no
52 75 25 03 91 35 40 82	Ordfører Tysdag – ring på førehand	Svein Ove Alvestad	svein@bokn.komune.no
52 75 25 04 98 22 15 04	Seksjonssjef sosial	Reidar Alvestad	ralvestad@bokn.kommune.no
52 75 25 05 98 22 15 05	Seksjonssjef teknisk	Hans Faye	hfaye@bokn.kommune.no
52 75 25 07	Økonomiavdelinga, rekneskap og løn	Leni Mannes	lem@bokn.kommune.no
52 75 25 09 99 53 19 35	Økonomiavdelinga, skatt og fakturering	Lindy Haram	lharam@bokn.kommune.no
52 75 25 08 98 22 15 08	Seksjonssjef kultur	Jardar Havikbotn	jhavikbotn@bokn.kommune.no
52 75 25 10	Seksjonssjef servicetorg	Gro Sørensen	gsorensen@bokn.kommune.no
45 21 07 34	Barne- og ungdomsarbeidar	Øyvind Børgesen	oyvind@bokn.kommune.no
52 75 25 15	Telefaks Boknatun		
52 75 25 16	Pleie- og omsorgssjef	Anny Kallekodt	
52 75 25 30	Bokn sjukestove		
52 74 85 22	Legevaktssentralen		
52 75 25 34 98 22 15 03	Seksjonssjef helse	Gunn Grønnestad	ggroennestad@bokn.kommune.no
52 75 25 36	Psykiatrisk sjukepleiar Tysdag/onsdag 08.00 – 15.00	Miriam Berland	
52 75 25 40	Legeskontor	Mandag og torsdag	
52 75 25 43	Open helsestasjon torsd. 08.30 - 11.30 Tysdag etter avtale	Rita Førland	
52 75 25 45	Bokn Folkebibliotek	Linda Ognøy	lognoey@bokn.kommune.no
52 75 25 47 93 41 54 40	Kyrkjeverge Tysdag/torsdag 08.30 – 15.30	Svanhild Alvestad	svalves@frisurf.no
52 75 25 50 98 22 15 10	Seksjonssjef skule	Dag Halvorsen	dhalvorsen@bokn.kommune.no
52 75 25 51 98 22 15 11	Rektor	Ingjerd Ellingsen	iellingsen@bokn.kommune.no
98 22 15 09	Barnevernleiar Tysdag, og etter avtale	Eva Moi	eeikje@robin.no
52 75 25 65 (66)	Skulefritidsordning	Ranveig Nygaard	rnygaard@bokn.kommune.no
52 75 25 67	Telefaks skulen		
52 75 25 69	Forkontor, skulen	Norunn Jordbrekk	njordbrekk@bokn.kommune.no
52 75 25 70 98 22 15 12	Seksjonssjef barnehage	Jarle Haakonseth	jhaakonseth@bokn.kommune.no
52 75 25 80	Tannlegekontor torsdag og fredag	Anita Knutsen	



BOKN KOMMUNE
5561 BOKN


Støttekontakt

Barnevernstenesta ynskjer kontakt med nokon som kunne tenke seg å bruke nokre timar pr. veke som støttekontakt for barn/ ungdom i Bokn.

Barneverntenesta har også behov for avlastningsfamiljar. Opplæring og oppfølging vil bli gitt frå barneverntenesta.

Løn etter KS sine satsar.

Interesserte kan ta kontakt med barnevernleiar Eva Moi på tlf. 98 22 15 09



BOKN KOMMUNE
5561 BOKN

GODKJENDE REGULERINGSPLANAR

I følge Plan- og bygningslovens § 27-2 vert det med dette gjort kjent at kommunestyret i møte den 02.10.02 vedtok desse reguleringsplanane:

”Reguleringsplan for fiskerihamn ved Knarholmen”
Planen omfatter areal til hamn og byggjeområder til fiskernæring.

”Reguleringsplan for skytebane ved Stølen”.
Planen omfatter areal til skytebane og veg.

I følge §§ 32 og 42 i Plan- og bygningslova, må krav om erstatning vera sett fram innan 3 år frå planen er kunngjort.

Spørsmål kan rettast til teknisk seksjon på tlf. 52 75 25 05 eller e-post hfaye@bokn.kommune.no

Bokn, den 06.11.02

Hans Faye
Teknisk etat

HUSK

- ✓ Vis at du bryr deg
- ✓ Gi bort en pengegave
- ✓ Se gaven bli større

En pengegave har evnen til å realisere små og store drømmer. Gi bort en fondsandel eller en livrente. Jo lenger spareperiode, desto større avkastning kan du forvente. Profesjonelle forvaltere vil bruke all sin tid på å øke verdien av gaven. Vi i SpareBank 1 hjelper deg å komme frem til den beste løsningen. Stikk innom da vel.
Kjøp en pengegave av noen som kjenner deg.

Stikk innom SR-Bank Bokn eller ring oss på telefon 52 74 82 21 - så forteller vi mer!

SpareBank 1 SR-Bank

bank • fond • forsikring • eiendomsmegling



SR-Bank Bokn



Velkommen til Luciafest på skulen søndag 8. des. kl. 18.30

Luciaopptrinn av 4. klasse

Voksenkorpset og junior-
korpset spiller

Utlodning av juleduk

Finn Bårdsen har "ord
for kvelden"

Bordkonkurranse



Matøkt med god tid til
drøs

Takk!

Bokn Musikkorps vil takka alle
som bidro til ein vellukka auksjon.

Me fekk inn over 20.000 kr netto.
I tillegg kr.10.000 på lekehytta.

Hytta blei vunne av Steffen, Ivar
og Malena Larsen frå Haugesund.



SANTA LUCIA

Svart senker natten seg
i stall og stuer.
Solen har gått sin vei
skyggene truer.
Inn i vårt mørke hus
stiger med tente lys
Santa Lucia, Santa Lucia.

Hjertlig takk!

*Vi vil gjerne få sende en varm takk til alle
som bidro til å gjøre 50-årsdagen vår til en
flott og minneverdig opplevelse!*

*Tusen takk for hilsener, blomster, gaver,
praktisk hjelp, sanger, opptreden, ...*

Det vil nok friste oss å feire 100-årsdagen også!

Mange hilsener til dere alle fra Helga og Gunn



**Brukt bordtennisbord
på Kyrkjebygd kulturhus**

Interesserte tar kontakt med kulturkontoret.

**Bruk refleks i
haustmørket. Me
har ingen å mista!**

SPAR STRØM

Nå "lover" strømleverandørene dyrere strøm!
Kjøp varmepumpe og spar 50-70% av
fyringsutgiftene.
På kjøpet får du filtrert luften inne og kjøling
om sommeren.

Tilbud gjeldende til 31.12.02:

4,0 kw inverterstyrt varmepumpe montert: Kr 21.000,-
6,3 kw inverterstyrt varmepumpe montert: Kr 24.000,-
Tilbudet gjelder vanlig montasje innen Bokn
kommune.

ENERGI & KOMFORT

Tlf 52 74 82 75 . E-mail : jovatnal@online.no
Trond Vatnaland privat 52 74 86 48 / 90 69 43 50

KJOLELOTTERI

Til inntekt til barn på Filipinene.

Kjolelotteri til inntekt for Sjøppelfjellets barneskole
Pre-school - Ungdom i Oppdrag - som består av en
første klasse.

Elevantall: 13 stk. Lærer: Josie Navea

Pengene som kommer inn skal brukes til at disse
barna kan med sin lærer ha mulighet til å komme ut på
turer slik som dyrehagen, parktur, tur til stranden.
Her vil også foreldrene da ha mulighet for å bli med
slik at de sosiale båndene i klassen kan styrkes. Barna
vil gjennom dette ha mulighet til å komme seg litt ut av
sjøppelfjellets omgivelser.


1. klasse ved Bokn Skule med lærer: Tone Høyland vil
være "vennskapsklasse" til denne 1 klassen på
sjøppelfjellet.

Kjolen vil henge på Handelslaget.
kr 5,- pr. lodd

Loddtrekning fredag 20.desember ved
lensmannskontoret i Tysvær




Kjolen fra Filipinene



Arskroen kafé & selskapslokale

*Vi leverer smørbrød/kaker til enhver
anledning.*

*Selskapslokaler til leie,
ta kontakt for tilbud.*



*Søndagsmiddag
hver søndag.*

*Har du spørsmål,
kontakt Lars-Jacob 99 03 70 32*



*Hjertelig takk for blomster og gaver til min
75 års dag.*

Karen Hetland

Tur til Herning

24-26 januar 2003
med Finnøy Buss AS.

Avreise frå Ladstein fredag 24. Januar kl.11.15 til
Kristiansand med avreise kl.19.15 med opphenting
på Rennesøy og Randaberg.

Retur søndag, Danmark, avgang Hirtshals kl. 13.45.
Turen sluttar ved Hanasand kai søndag kveld.

Inkludert i prisen:

2 hotellovernattinger m/frokost, 1 middag, ferje og
buss.

Laurdag er me på landbruksmessa i Herning heile
dagen med felles middag om kvelden.

Pris kr. 1995,- i dobbelt rom, kr. 350,- i tillegg for
enkeltrom pr. døgn.

Bindane påmelding innan 15.12. 2002 til Finnøy
Buss AS.

Tlf. 51 71 08 40

Bjørn: 95 97 04 40

Geirulf: 90 20 60 22



BOKN FYSIOTERAPI

Tysdag og onsdag og helgene i partalveker.
Direktenr. 52 75 25 33. Ta kontakt for avtale.

Geir Austvik - fysioterapeut

FOTTERAPI

Kvar onsdag på legekantoret kl. 09.00 – 14.00
Første onsdagen i kvar mnd. kl. 15.00 - 18.30
For påmelding, tlf. 52 74 84 79

Rita Jensen - fotterapeut

TRYGDEKONTORET

Kontortid kl. 9.00 – 14.30
Telefontid kl. 8.00 – 15.30
Tlf. 52 75 21 50 - Fax. 52 75 21 51
Direkte innval: 52 75 2 + linjenr.
Ragnhild Ognøy: linjenr. 150
Ingunn Sunde: linjenr. 152
Ingunn Sunde - trygdesjef

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag i Boknatun
kl. 9.00 – 12.00.
Direktenr. 52 75 25 13
Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.
Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre
vekedagar, tlf. 52 77 05 00
Bjørn Bruaset - jordbrukssjef

DAGSENTERET

Dagsenteret på Boknatun er ope
kvar onsdag frå kl 10.00 - 14.00.
Alle over 70 år er hjertelig
velkomne.

Påmelding, tlf. 52 74 83 09
Julianne

BOKN BYGDABLAD

UTGJEVAR

Bokn kommune
5561 BOKN
Tlf 52 75 25 00
Fax 52 75 25 15
E-post jhavikbotn@bokn.kommune.no

BYGDABLADNEMND

Svein Ivar Langhelle
Eva Moi
May Jorunn Vatnaland

REDAKTØR

Jardar Havikbotn
Direkte tlf. 52 75 25 08

REDAKSJON

Jardar Havikbotn
Reidar Alvestad
Linda Ognøy

ABONNEMENT

Kr. 200,- pr. år

ANNONSEPRISAR

Heilside	kr. 500,-
Halvside	kr. 300,-
Kvartside	kr. 150,-
1/8 side	kr. 100,-
Privatann.	kr. 30,-
Fastann.	etter avtale

FRIST FOR STOFF

Etter avtale med redaktøren


BLADET KJEM UT

10 gonger i året

STORT FORSIDEBILDE

Flott haustvær 1. 11:
Dei siste nypene mot ein
novemberblå himmel.

Foto: Kent Viggo Thuestad



TILBUD STEINFRI SKJELLSAND + høy og halm

Kr. 140,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.

Kr. 150,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

*Kontakt Morten Ullenes,
4150 Rennesøy*

51 72 31 33

900 16 817

A-Blad

RETURADRESSE:
BOKN KOMMUNE
5561 BOKN

HAUST

Om hausten fell blada av trea og ned på bakken.

Blada blir gule, raude, oransje og brune.

Me hoppar i lauvet.

Om hausten kjem frukta og grønnsakene.

Me får epler, gulrøtter, poteter, kål og kålrabi og mykje anna godt, men ikkje giftig sopp.


Om hausten flyr fuglane vekk, og det blir kaldt rett og slett.

I skogen hentar me ved.

Om hausten hentar me poteter.

Hausten gir oss mange gaver som me kan kosa oss med.

2. kl., Bokn skule 30. sept. 2002



Bygdabladet presenterer det fine haustdiktet 2. kl. laga i samband med hausttakkefesten i kyrkja 29. september. Teikningane er laga av Andreas, Bettina, Oddgeir og Kristian.



På turstien med Kent Viggo (7. kl.) den vakre haustdagen 1. nov.

Foto/billedtekstar: Kent Viggo Thuestad

